100. [1] Eigen tone

O bror , syster o ven
I dei tusunde heim
Utyver bygdar aa grend
Lat os stansa i laupet – betenk
Hev me gove paa kaupet aa skjenkt
Noko att for det me hev faatt
I livet av bittert aa godt.

Kvifor lastar du meg
Eg so hjelpe paa deg
Aa finna ein ljosar veg
So vil gjera det trivsleg aa vent
Aa so vil at me leva skal pent
Eg so gjerna vil alt skal bli bra
Kvifor er du mot meg paa da

Du skuld prøva aa gje
meg eit litegran fred
Aa sjaa litt laagare ne
Ja med vanvyrd du kjem so titt
Aa eg synes du gjenge foevidt
Aa skuldingar burt i det blaa
So ufjelge frettnader faa.

Paa di fana du ser
Aa so stolt du den bær
Du tek deg i skjegget aa lær.
Du veit no vel vanvyrd bær frukt
Aa kjem inn under himmelens tukt
Stogga min ven paa yrkje dit sjaa
Tenk yver kva frukt du vil faa.

O bror, syster aa ven.
I dei tusende heim
Utyver bydar aa grend
Paa vort arbei me gjeva maa gaum
Aa ransaka kvar rokka aa saum
Um det øydar udomar byrt
Aa so gagnar samfundet vort.

O bror, syster vær med.
Deg i arbeidet gled
Aa so gjev arbeidsfolk fred
Lat os saa baa paa gator aa torg
Lat os saa i kvar einaste skorv
Er spira i barmen vor lagt
So kjeme vel mote aa makt.

So som trælar aanei.
Paa den frisinna veg
Me gjeng ilag du aa eg.
Me legg fram da me makta, lat ga
Um me ei verta akta me sta
Maale er stort aa arbeie svert
Gud gjev at det fruktesamt vert.

1 Ref_ Foto Bj_s154,TIF